



Stranda kommune

Møteprotokoll for FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtedato: 16.03.2026
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: Kl 15:00 - 16:15

Leiar for møtet var : Steinar Aanning

Medlemmer:	Parti
Inger Helen Abelsen	AP
Gro Anita Sve	FRP
Gro Anita Rjånes	H
Hans Roar Emdal	SP
Liv Norunn Langeland Runde	SP
Steinar Aanning	UAVH

Møtande varamedlemmer:	Parti
Øystein Berge	

Fråverande medlemmer:	Parti
Joachim Bjørstad Langlo	H

Andre:
Einar Lied
Ove Skylstad
Synnøve Lindset

Anna:

Inger Abelsen:

Spørsmål kva som blir gjort i samband med varsla motsegn frå Statsforvaltaren tunnel Strynefjellet med arm til Geiranger

Sakliste

Sak nr	Sakstittel	
011/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
012/26	Referatsaker	
013/26	Planoppstart – Detaljreguleringsplan for Helsemvika – Heilskapleg utviklingsplan for strandsone	
014/26	Detaljreguleringsplan for Geiranger brygge – 1. gongs behandling	
015/26	Mindre reguleringsendring – Detaljreguleringsplan for H32, H56, H57 og H58 m.fl. – Ringstadsætra Hyttegrend (planID 1525_2020002)	
016/26	Emdal Bygg AS - Søknad om dispensasjon - Tomannsbustad	
017/26	Ole Marius Sylte - Dispensasjon frå reguleringsplan - Takform	
018/26	Rasmus Habostad - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - Plankrav	
019/26	Tone Vollen Sperrevik - Søknad om dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen sin arealdel - Oppføring av ny fritidsbustad på Storhaugen	
021/26	Detaljreguleringsplan for Geiranger vassverk – 1. gongs handsaming og vedtak om offentleg ettersyn	
020/26	Godkjenning av møteprotokoll	

011/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Innkalling vert godkjent
2. Saklista vert godkjent slik ho ligg føre

16.03.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

PLA - 011/26 Vedtak:

1. Innkalling vert godkjent
2. Saklista vert godkjent slik ho ligg føre

012/26 Referatsaker

Kommunedirektøren si tilråding:

Referatsakene vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

16.03.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

PLA - 012/26 Vedtak:

Referatsakene vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

013/26 Planoppstart – Detaljreguleringsplan for Helsemvika – Heilskapleg utviklingsplan for strandsone

Kommunedirektøren si tilråding:

Stranda kommune godkjenner oppstart av arbeid med Detaljreguleringsplan for Helsemvika – Heilskapleg utviklingsplan for strandsone

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-3, som setje i gang reguleringsarbeid for å sikre ei forsvarleg og framtidsretta arealforvaltning.

16.03.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling Vedtak samrøystes

PLA - 013/26 Vedtak:

Stranda kommune godkjenner oppstart av arbeid med Detaljreguleringsplan for Helsemvika – Heilskapleg utviklingsplan for strandsone

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-3, som setje i gang reguleringsarbeid for å sikre ei forsvarleg og framtidsretta arealforvaltning.

014/26 Detaljreguleringsplan for Geiranger brygge – 1. gongs behandling

Kommunedirektøren si tilråding:

Forslag til detaljreguleringsplan for Geiranger brygge (planID 1525_2025003) blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn.

Vedtaket blir fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-10.

Å sende planen på høyring inneber ikkje at kommunen tek stilling til eller gir tilslutning til dei foreslåtte løysingane. Høyringa skal sikre at alle relevante faglege, miljømessige og samfunnsmessige konsekvensar blir identifiserte og vurderte før vidare handsaming.

16.03.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling Vedtak samrøystes

PLA - 014/26 Vedtak:

Forslag til detaljreguleringsplan for Geiranger brygge (planID 1525_2025003) blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn.

Vedtaket blir fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-10.

Å sende planen på høyring inneber ikkje at kommunen tek stilling til eller gir tilslutning til dei foreslåtte løysingane. Høyringa skal sikre at alle relevante faglege, miljømessige og samfunnsmessige konsekvensar blir identifiserte og vurderte før vidare handsaming.

015/26 Mindre reguleringsendring – Detaljreguleringsplan for H32, H56, H57 og H58 m.fl. – Ringstadsætra Hyttegrend (planID 1525_2020002)

Kommunedirektøren si tilråding:

Stranda kommune godkjenner mindre reguleringsendring for Detaljreguleringsplan for H32, H56, H57 og H58 m.fl. – Ringstadsætra Hyttegrend (planID 1525_2020002), slik endringane går fram av søknad datert 12.02.2026.

Endringa omfattar:

fjerning av planføresegn § 3.9 bokstav a

justering av planføresegn § 3.9 bokstav b til:maks gesimshøgd: 6,0 m

maks mønehøgd: 7,5 m

øvrige høgdeføresegner blir vidareført

Språklege rettingar blir vurderte som tekniske justeringar utan materiell betyding.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-14.

16.03.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

PLA - 015/26 Vedtak:

Stranda kommune godkjenner mindre reguleringsendring for Detaljreguleringsplan for H32, H56, H57 og H58 m.fl. – Ringstadsætra Hyttegrend (planID 1525_2020002), slik endringane går fram av søknad datert 12.02.2026.

Endringa omfattar:

fjerning av planføresegn § 3.9 bokstav a

justering av planføresegn § 3.9 bokstav b til:maks gesimshøgd: 6,0 m

maks mønehøgd: 7,5 m

øvrige høgdeføresegner blir vidareført

Språklege rettingar blir vurderte som tekniske justeringar utan materiell betyding.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-14.

016/26 Emdal Bygg AS - Søknad om dispensasjon - Tomannsbustad

Kommunedirektøren si tilråding

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, gir Stranda kommune dispensasjon for:

- Oppføring av terrasse utanfor byggegrensa iht. situasjonsplan.
- Føresegn § 5 - for å oppføre tomannsbustad.
- Føresegn § 9 - for oppføring av sportsbod med flatt tak.

16.03.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

PLA - 016/26 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, gir Stranda kommune dispensasjon for:

- Oppføring av terrasse utanfor byggegrensa iht. situasjonsplan.
- Føresegn § 5 - for å oppføre tomannsbustad.
- Føresegn § 9 - for oppføring av sportsbod med flatt tak.

017/26 Ole Marius Sylte - Dispensasjon frå reguleringsplan - Takform

Tilråding frå kommunedirektøren

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, gir Stranda kommune dispensasjon frå reguleringsplan for Helsem I-II-III på eigedom GBN - 18/16 Strandavegen 183, 6200 Stranda. Dispensasjon gjeld for:

1. Krav til utforming i føresegn § 6: Stranda kommune gir dispensasjon for oppføring av flatt tak på einebustaden og garasjen.
2. Føresegn § 2 - Frittliggande småhus.

16.03.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

PLA - 017/26 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, gir Stranda kommune dispensasjon frå reguleringsplan for Helsem I-II-III på eigedom GBN - 18/16 Strandavegen 183, 6200 Stranda. Dispensasjon gjeld for:

1. Krav til utforming i føresegn § 6: Stranda kommune gir dispensasjon for oppføring av flatt tak på einebustaden og garasjen.
2. Føresegn § 2 - Frittliggande småhus.

018/26 Rasmus Habostad - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - Plankrav

Kommunedirektøren si tilråding:

Stranda kommune gir dispensasjon frå plankravet i ny kommunedelplan for oppføring 3 bueiningar på eigedom GBN – 52/359 i Movegen 93A, 6200 Stranda.

Vedtaket er heimla i pbl § 19-2.

16.03.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

PLA - 018/26 Vedtak:

Stranda kommune gir dispensasjon frå plankravet i ny kommunedelplan for oppføring 3 bueiningar på eigedom GBN – 52/359 i Movegen 93A, 6200 Stranda.

Vedtaket er heimla i pbl § 19-2.

019/26 Tone Vollen Sperrevik - Søknad om dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen sin arealdel - Oppføring av ny fritidsbustad på Storhaugen

Kommunedirektøren si tilråding:

Stranda kommune gir dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel pkt. 2.3, for oppføring av ny fritidsbustad til erstatning for eldre fritidsbustad på eigedom GBN 46/43 i Storhaugen 19.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

16.03.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling Vedtak samrøystes

PLA - 019/26 Vedtak:

Stranda kommune gir dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel pkt. 2.3, for oppføring av ny fritidsbustad til erstatning for eldre fritidsbustad på eigedom GBN 46/43 i Storhaugen 19.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

021/26 Detaljreguleringsplan for Geiranger vassverk – 1. gongs handsaming og vedtak om offentleg ettersyn

Kommunedirektøren si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vedtek Stranda kommune å leggje **framlegg til detaljreguleringsplan for Geiranger vassverk (PlanID 2026001)** ut til **offentleg ettersyn**, slik det går fram av:

- Plankart
- Føresegner
- Planomtale
- ROS-analyse
- Geoteknisk vurderingsrapport
- Skredfarevurdering
- KUVA-vurdering
- Naturmangfaldutgreiing

16.03.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling Vedtak samrøystes

PLA - 021/26 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vedtek Stranda kommune å leggje **framlegg til detaljreguleringsplan for Geiranger vassverk (PlanID 2026001)** ut til **offentleg ettersyn**, slik det går fram av:

- Plankart
- Føresegner
- Planomtale
- ROS-analyse
- Geoteknisk vurderingsrapport
- Skredfarevurdering
- KUVA-vurdering
- Naturmangfaldutgreiing

020/26 Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren si tilråding:

Møteprotokollen frå møtet i PLA 16.03.26 vert godkjent slik den ligg føre.

16.03.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

PLA - 020/26 Vedtak:

Møteprotokollen frå møtet i PLA 16.03.26 vert godkjent slik den ligg føre.